

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fots i sentrumsområdet, andre er plasserte på stoppunkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.

På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå gråberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

# Frå utkantbygd til knutepunkt



Nesflaten sett frå Øyndø like etter år 1900. Hotellbygningane viser godt att i landskapet. Foto Odd Stråbø.

Før 1880 var Nesflaten lite anna enn nokre gardar på elveslettene som vart danna av Brattlandselva og Stålsåno. Då starta turisteventyret der Nesflaten vart eit knutepunkt på den såkalla "Discovery route". Ikkje mindre enn tre hotell var i drift kring hundrearsskiftet og fram til første verdskrig, då turistferdsla avtok.

Nesflaten vart ein avkrok fram til Røldal-Suldal-utbygginga på 1960-talet, då bygda fekk eit voldsomt oppsving med gode arbeidsmuligheter og mange tilflyttarar. I dag vert kraftanlegget og bustadområdet i Kilen rekna for eit viktig kulturminne.

Nesflaten fekk ikkje vegsamband med Suldal elles før i 1979, i samband med Ulla-Førre-utbygginga. Frå 1885 og fram til dess var det dampen, D/S *Suldal*, og seinare ferja M/F *Suldalsporten*, som førte bygdefolk, turistar og gods over vatnet.



Hotell Brattlandsdalen var lengst i drift på Nesflaten, til det brann i 1970. Foto Knud Knudsen, Bergen (postkort).

Interiørbilde frå eit av hotella ca 1905. Foto Odd Stråbø.



## Båt over vatnet

D/S Suldal vart bygd i 1885 og var i heilårsdrift til etter 2. verdskriga.

Motorferja Suldalsporten vart bygd i 1939, men låg i opplag under krigen. Ho hadde plass til 12 bilar og var bygd av tre på Suldalsosen, ein rekna med at ho ikkje skulle vera i drift så lenge. Men den planlagde vegen langs vatnet lot venta på seg. Ferja vart søkkt til botnar i Suldalsvatnet 4. juli 1979 med hjelp av 80 tonn stein. Med det var det slutt på rutebåt over Suldalsvatnet. I dag går dampen einskilde turistturar om sommaren.



D/S *Suldal* ved Nesflaten i 1912.  
Foto Wilse.



## Nesflaten

Prior to 1880 Nesflaten was just a few farms on the flats created by the rivers from the valleys Brattlandsdalen and Stølsdalen. After the new road through Brattlandsdalen was completed, Nesflaten became a center in the tourist traffic between Stavanger and Bergen, the so-called *Discovery Route*. Three hotels were built and activity boomed. Foreign tourism came to a halt after the 1st World War.

Not until the 1960s did Nesflaten again experience a burst in activity, as the Røldal-Suldal hydroelectric plants were built, with Nesflaten as the center of activity.

The contact southwards during this period was with steamship and later ferry. The road along Suldalsvatnet was completed in 1979. While the ferry was sunk to the bottom of the lake, the steamship, later motor ship *Suldal*, was restored and is still used by tourists in summer.



Det er utgitt ei rad med postkort med motiv frå Nesflaten.



# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til  
skattkammeret  
Suldal!

Store delar av  
Suldalsheiane er  
verna for å ta vare på  
natur og kulturminne.  
Her er også Europas  
sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien  
fortel om naturen  
og kulturen i Øvre  
Suldal. Nokre kan du  
nå til fots i sentrum-  
sområdet, andre er  
plasserte på stopp-  
punkt langs vegane.  
Oversynskart over  
løypa finn du på pla-  
katen ved butikken.

På Suldal Turist-  
kontor kan du få ein  
foldar som syner  
løypa. Her finn du  
også spørsmål  
- svara finn du  
undervegs.

Bruk gjerne sykkel  
eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og  
prosjektet "Frå gråberg til gull"  
med støtte av Fylkesmannen i  
Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

Bruken av naturen er utgangspunkt for natur- og kulturløypa på Nesflaten og i Øvre Suldal. Gjennom 11 postar langs vegane i området kan du bli nærmere kjent med bruken av naturressursane her.

Naturen i Øvre Suldal er sterkt prega av ulik bruk gjennom tidene. I det gamle bondesamfunnet var utmarksressursane verdfulle. I dag finn me dei m.a. att som opne stølsområde.

Austumennene fra Setesdal og Telemark drog gjennom bygda på veg til Hylen og Stavanger for å handla, betala skatt m.v. Denne trafikken etablerte ferdselsvegar som også dagens fjellvandrarar brukar.

Nesflaten vart eit knutepunkt i tur-  
isttrafikken som tok til på slutten av  
1800-talet, med Brattlandsdalen som ein  
viktig attraksjon. I si tid var det heile tre  
hotell i drift på Nes.

På 1960-talet inntok dei store vasskraftut-  
byggingane Øvre Suldal. Røldal-Suldal-  
utbygginga endra bygda dramatisk.  
Utbygginga skaffa kjærkome arbeid til  
bygdefolk og tilflyttarar, men førte også til  
store naturinngrep.



# Bruk av naturen før og nå - bli kjend i Øvre Suldal



Oversynskartet viser plasseringa av postane, sjå elles i foldaren  
du kan få i butikken.



## The use of nature

This nature and culture trail comprises 11 information posts along the roads in the area (see map for details and posts with English summaries). You will find a folder with additional information in the shop at Nesflaten or at the Tourist Information in Sand.

Natural resources have been used for various purposes through the ages. In the old farming community the woods and mountains were valuable, today showing as open dairy pastures.

People from Setesdal and Telemark used the old trails westwards across the mountains to Bråteit and Roalkvam and further across Suldalsvatnet to Hylen and Stavanger to buy goods and sell furs and other products.

Nesflaten was an important center in the early days of tourism. Brattlandsdalen became a famous tourist spot, and three hotels were built at Nesflaten from 1880 onwards. After WW1 this traffic ceased.

In the 1960's Nesflaten bloomed again during the hydroelectric power development called Røldal-Suldal. Nesflaten became the center with new residential areas with functionalist buildings, today recognised as a fine example of this architecture.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til  
skattkammeret  
Suldal!

Store delar av  
Suldalsheiane er  
verna for å ta vare på  
natur og kulturminne.  
Her er også Europas  
sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien  
fortel om naturen  
og kulturen i Øvre  
Suldal. Nokre kan du  
nå til fots i sentrum-  
sområdet, andre er  
plasserte på stopp-  
punkt langs vegane.  
Oversynskart over  
løypa finn du på pla-  
katen ved butikken.

På Suldal Turist-  
kontor kan du få ein  
foldar som syner  
løypa. Her finn du  
også spørsmål  
- svara finn du  
undervegs.

Bruk gjerne sykkel  
eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og  
prosjektet "Frå gråberg til gull"  
med støtte av Fylkesmannen i  
Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

I fjellsida høgt over Mosvatnet finn du rester etter gruvedrift. I perioden 1912 til andre verdskrigen prøvde fleire firma å få til lønsam drift av glimmerførekomstene som ligg her.

Glimmer, gjerne kalla kråkesølv, er eit mineral som m.a. inngår i granitt. Her i Bråteit finn me glimmer i reine førekomstar. Glimmeret er sterkt lagdelt, og me kan lett skilja dei tynne, glinsande blada frå einannan. Glimmer vert nytta til elektrisk isolasjonsmateriale, tidlegare vart det og nytta som vindu i omnar.


Tyskarane var dei siste som dreiv prøvedrift, og det vart bygd kabelbane ned til Mosvatnet. I dag finn me rester etter denne, og tar du turen opp, vil du finna masse glimmerester inni brotet og utanfor. Turen opp til brotet er bratt og litt tung.

For den geologisk interesserte er det også andre fenomen å oppdaga i dette området. Ved Hovestøl finn me store lausmassar som er rester etter ein periode då Mosvatnet sto ca 50 m høgare enn i dag, demma opp av isbreen.

Like ved vegen nær Mostøl ligg Littlebruvjet, ei smal bergsprekk der vatnet tidlegare fossa gjennom. Dette er ein del av dei mange sprekksistema i grunnfjellet i Suldalsheiane. Elva er i dag stort sett tørrlagd, men i periodar med stor vassføring og nedbør, kan me sjå vatnet fossa gjennom juvet (bildet under).



# Det blenkjer i berget



Alle fargefoto  
Rune Roalkvam

*Det er merka sti i den bratte lia opp til glimmerbrotet. Når sola skin kan ein sjå blenkinga frå glimmeret heilt frå vegen. Glimmeret er sterkt lagdelt, med lauvtynne blad. Ein kan mest bla i det som i ei bok (under t.h.)*



## Mosvatnet

Frå glimmerbrotet er det flott utsyn over Mosvatnet og støls- og fjellområda omkring. Fjellområda i bakgrunnen på bildet ligg innafor Dyraheio landskapsvernområde. Det relativt tørre innlandsklimaet her er grunnlaget for den kjende Suldals-skinika, som vert turka i eit hus nær Hovestøl i indre enden av vatnet. Mostøl med turistforeningshytta ligg også ved vatnet.

Frå Mosvatnet skjer fleire dalføre seg innover heia til høgareliggjande stølsområde, som t.d. Gaukstøl, Skitstøl, Krokvasstøl og Jonstøl.



## Eirik Vandvik

Eirik Vandvik (1904-53) vaks opp i Suldal og var nær knytt til heimtraktene. Han var professor i klassisk filologi og middelalderlitteratur i Oslo, dessutan var han forfattar og oversetjar. Han bygde hytte her ved Mosvatnet, der han kunne arbeida i fred og ro.

Han formidla antikkens kultur og åndsverdar gjennom ei rekke tekstar og bøker. I tillegg oversette han mange av dei viktigaste storverka frå antikken. På hytta si oversette han m.a. *Iliaden* av den greske forfattaren Homer.



Eirik Vandvik

## Destinasjon

I 2009 vart kunstverket "Destinasjon" av dei danske kunstnarane Nina Jan Beier og Marie Jan Lund opna. Kunstverket er ein polert del av berget, og ikkje minst kan du nyta den flotte utsikten over Suldalsvatnet og heiane. Det er godt merka sti opp, turen tek ca 15 minutt.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fots i sentrum sområdet, andre er plasserte på stoppunkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.


På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå gråberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam



Bråteitgrenda ligg i ei lun gryte ned mot Suldalsvatnet. Gardane her er Bråteit. Århus og Guggedal nær vatnet, og Vetrhus lenger opp i lia.

Frå gammalt av var Bråteit eit viktig knutepunkt, då mykje av ferdsla mellom Setesdal og Stavanger gjekk om Bråteit. Mange såkalla austmenn overnatta her etter turen over heia. Turen vidare gjekk med båt til Våge og vidare til fots til handelsenteret Hylen.

I 1875 budde det om heile 128 menneske i Bråteit. 60-70 Bråteit-buar tok del i utvandringa til Amerika på den tida. Nå bur det færre enn 20 i grenda.

I perioden 1885 til 1979 var det rutebåt på Suldalsvatnet med brygge i Bråteit. Først dampen *D/S Suldal*, frå 1939 bilferja *Suldalsporten*, som me ser på bildet under. Medan bilferja vart senka i 1979 etter at Bråteit fekk veg, går *D/S Suldal* framleis i turisttrafikk om sommaren.



# Bråteitgrenda



Guggedal omlag 1920. Guggedalsloftet står like framom stovehuset, etter at det vart flyttet frå si opphavlege plassering på Loftsåkeren. Det er Kolbein Bakka (1862-1930) og yngste sonen Magne (1916-98) som arbeider i kornåkeren.

## Guggedalsloftet

Guggedalsloftet er den eldste ikkje-kyrkjelege bygningen i Rogaland. Den øvste delen er eldst, datert til 1281. Den nedste delen er frå 1400-talet. Loftet i to høgder var sjeldsynt i Suldal, og det var nok i utgangspunktet to bygningar som vart sett saman.

Loftet, eller Stabuo som ho vart kalla, sto i tunet på Guggedal og vart nytta som stabbur. I første høgda

var det lager av matvarer, særleg flatbrød. I andre høgda var kornbingar og rapabu. På øvste lemen hong kjøt og fisk i taket, dessutan røykt vårsild.

I 1934 vart Guggedalsloftet kjøpt av Rogaland Folkemuseum og flytt til Mostun i Stavanger. Der var klimaet for fuktig, difor vart ho seinare flytt til Kolbeinstveit. I dag driv Ryfylkemuseet bygdetunet her, med Guggedalsloftet som eit viktig innslag.

## Johan Veka

Johan Veka (1896-1985) var lærar, diktar og ikkje minst kulturoverførar. Han budde det meste av livet sitt i Bråteit. Gjennom bøker, avisartiklar og kåseri vart han kjend og kjær ut over Suldals grenser. Han skreiv m.a. ei bok om dei gamle fjellvegane. Om vegen mellom Bråteit og den nærmeste Vatndalen i Bykle skriv han m.a.:

"Her var stor ferdsel i gamal tid. Ein rekna ei dagsreis mellom Vatndalen og Bråteit. Og der er godt farande med hest og. Byklarane tok ofte kløvhesten med. Eit minne om det har me i Spekjevikjo i Bråteit. Der sette ein hestane frå seg når ein skulle til Hylen eller Sandslandet, eller til Stavanger på marknaden der vår og haust. Eller det var om sommaren ein fór her. Då stod hestane og spekte seg i solsteiken i Spekjevikjo.

Midtvegs mellom Bråteit og Vatndalen har me Brudele. Der ligg 50 steinar i rad og rekke, 25 steinar på kvar side av vegen. I Setesdal var det ofte prestelaust, og dåvisst i Bykle og Valle. "De Mænd af Raabyggelag ihjelsloge sine Præste", står det skrive. Og så var det inga råd - ein laut til Suldal når det galdt giftermål. Og eit brurefølge stogga der på Brudele, og la steinane til eit minne om ei brureferd til Suldalskyrkja."



# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fots i sentrum sområdet, andre er plasserte på stopp-punkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.


På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå gråberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam



Kartet syner heile utbyggingsområdet med nedslagsfelt for kvar kraftstasjon i ulik farge..

## Røldal Suldal Kraft

Saman med Ulla-Førre på 1970-talet, er Røldal-Suldal-utbygginga 1963-1968 dei store kraftutbyggingane i Suldal. Føremålet var m.a. å forsyna aluminiumsverket på Karmøy med energi.

Vassrettane høyrdde opphavleg til grunn-eigarane. Mange vart kjøpt opp av spekulantar. Norsk Hydro fekk hand om rettane i 1960 og starta planlegginga. Rettane omfattar vatnet i eit område på 790 km<sup>2</sup> i Røldal og Suldal.

Anlegga omfattar sju kraftstasjonar med ein samla årsproduksjon på 2730 GWh. Dette tilsvavar forbruket til 143.000 husstandar (20.000 KWh/år).

Der er 75 km med vasstunnelar, 16 magasin og 16 bekkeinntak. Det største inngrepet var neddemminga av Valldalen i Røldal med mange stølar.

Hovudkontoret vart lagt til Nesflaten, noko som førte til gode arbeidsplassar og sikra busetnaden i bygda.

# Kraftsentrum



## Unik arkitektur

Røldal-Suldal-utbygginga ført til store endringar på Nes, ikkje minst i byggeskikk. På 1960-talet sto funksjonalismen sterkt. Den kjende arkitekten Geir Grung (1926-1989) fekk i oppdrag ikkje berre å teikna kraftstasjonen, men også dei mange arbeidar- og funksjonær bustadene som det vart behov for. Byggeskikken braut kraftig med den lokale, tradisjonelle byggemåten. Kilen er i ettertid blitt ståande som eit av dei finaste og best bevarte døme på funksjonalistisk stil i Norge. I 2009 vart anlegget av Morgenbladet kåra til eit av dei ti viktigaste byggverka i Norge i det 20. hundreåret.



## Sonselifossen

Dei fleste store fossane i Suldal er blitt offer for dei store kraftutbyggingane i kommunen. I Bleskestad låg Sonselifossen og Klauvfossen, begge kjende mellom fotturistar som gjekk forbi på veg til Bleskestadmoen. Dei vart tørrlagde i samband med Røldal-Suldal-utbygginga. Bildet til venstre er tatt i 1906 av den lokale fotografen Åke Bleskestad.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til  
skattkammeret  
Suldal!

Store delar av  
Suldalsheiane er  
verna for å ta vare på  
natur og kulturminne.  
Her er også Europas  
sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien  
fortel om naturen  
og kulturen i Øvre  
Suldal. Nokre kan du  
nå til fots i sentrum-  
sområdet, andre er  
plasserte på stopp-  
punkt langs vegane.  
Oversynskart over  
løypa finn du på pla-  
katen ved butikken.

På Suldal Turist-  
kontor kan du få ein  
foldar som syner  
løypa. Her finn du  
også spørsmål  
- svara finn du  
undervegs.

Bruk gjerne sykkel  
eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og  
prosjektet "Frå gråberg til gull"  
med støtte av Fylkesmannen i  
Rogaland.


Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

# Pilegrimsferd til Røldal

Stavkyrkja i Røldal er frå ca 1370. Her finst eit krusifiks (Kristus-figur) frå ca 1250. I middelalderen gjekk det gjetord om at krusifikset kunne helbrede sjuke. Det "sveitta" jonsoknatta, og fekk nokon sveitenn på seg, vart dei friske. Slik oppstod pilegrimsferdene til kyrkja i det katolske Norge. Etter reformasjonen i 1536 vart dette rekna som avgudsdyrkning, og aktiviteten avtok, men heldt seg til ca 1850.

Det var fleire pilgrimsvegar til Røldal. Frå Stavanger og Ryfylke gjekk ein fra Nesflaten over Suldalsskar til Botnen ved Røldalsvatnet, der ein fekk båtskyss vidare.

Krusifikset er i dag den einaste kultgjenstanden som er att i dei norske pilegrimskyrkjene. I nyare tid har ein teke opp att pilegrimsturane til Røldal.



Røldalsvatnet med Suldalsskar i bakgrunnen. Det var over dette pilegrimane frå Suldal kom på veg ned til vatnet.




Foto Rune Roalkvam

Røldal stavkyrkje vert framleis brukt til gudstenester. I juli vert det kvart år halde katolsk messe i kyrkja, og det vert då arrangert pilegrimsturar til messa.

## Breifonn

### - Norges sørlegaste isbre

Breifonn ligg ca 1600 moh på fylkesgrensa til Hordaland, og er ein av våre minste isbrear. I 1981 var Breifonn 2,6 km<sup>2</sup>, medan breen var redusert til 1 km<sup>2</sup> i 2006 (NVE).

Isbrear oppstår når tilførsla av snø om vinteren er større enn avsmeltinga om sommaren. Etterkvart blir snøen omdanna til is. Vert islaget tjukt nok, byrar isen å bevega seg, og me kallar det ein isbre.

Storleikane på isbreane i Norge har variert opp gjennom tidene. Dei siste åra har breane vore i tilbakegong, og mange er redde for at Breifonn skal forsvinna heilt.

Der breen har smelta bort, kan me sjå skuringsstriper og andre spor etter breen sin aktivitet. Voksteren av ulike lavartar fortel kor lenge berget har lege isfritt etter avsmeltinga.

Det er ingen lett tur opp til Breifonn. Du kan enten gå frå anleggsvegen i Stølsdalen nord for Nesflaten, eller frå Blåbergdalen opp av Røldal. Frå Breifonn er det i klærver flott utsikt til den store Folgefonna i nordvest, som er nær 200 km<sup>2</sup> stor (i bakgrunnen på bildet). Varme klede og godt fottøy er naudsynt på turen sjølv sommarstid.



Foto Torill Telstad



## Pilgrimage to Røldal

The stave church in Røldal from ca 1370 has a crucifix which was believed to have healing powers in the Middle Ages. At midsummer pilgrims came from much of Southern Norway to be healed by the "sweat" from the crucifix.

From Stavanger and Ryfylke people walked from Nesflaten over the Suldalsskar to Røldal.

After the reformation in 1836, this activity was considered by the church to be idolatry, and the pilgrimages declined.

In recent years the tradition of pilgrimages has been taken up again in Norway, also to the Røldal stave church. Each year a mass is held in the church in the beginning of July. Otherwise the church is used for ordinary services.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fots i sentrumsområdet, andre er plasserte på stoppunkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.

På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå gråberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

# Matauk i heia

I Suldals- og Setesdalsheiane finn me Europas sørlegaste villreinstamme. Dei store vasskraftutbyggingane har ført til store og negative verknader for reinen, som for tida teljer ca 1200 vaksne dyr.

Jakta på villreinen har alltid vore viktig for bygdefolket i Suldal. Når dei snakkar om dyr, er det alltid villrein det er snakk om, og heiane aust for Suldalsvatnet kallar dei Dyraheio. Til overnatting nytta dei i tidlegare tider hidlerar, seinare vart det bygd jord- og steinhytter. Nokre av desse står endå i heia, men er for det meste erstatta av meir moderne hytter.

Me snakkar gjerne om "dei tri store" i Dyrahei-soga, Rasmus Ulladalen, Knut Mokleiv og Gabriel Dynjaren. Dei var alle vidjetne jegarar på slutten av 1800-talet. På denne tida var det stor folkeauke i landet, og matressursane i heia kom vel med.

Gabriel Dynjaren vaks opp på eit husmannsplass i Brattlandsdalen, men flytte med familien til husmannsplassen Dynjaren under Nordmork. Her var det kort veg til Dyraheio, og Gabriel var titt og ofte i heia og henta seg eit dyr.

Då ein av smågutane hans var eit ærend til Roalkvam, spurde gardskona der kva dei dreiv med i Dynjaren. "Hu mor kokar på reinskjøt, og han far er i Dyraheio", svara guten.

Dynjaren døydde i 1916, men lever framleis i dei mange historiane og i mange stadnamn i heia, t.d. "Dynjarehevet".

Dyrajakta har framleis ein stor plass i bygdekulturen i Suldal, i dag mest som rekreasjon og ikkje av nødvendighet.



Gabriel Dynjaren (1838 - 1916) og kona Lisbet Håvardsdotter Ørvrabø. Foto Åke Bleskestad.



Foto Jon Erling Skåtan og Jan Thomassen



Alm i Nordmork. Foto Rune Roalkvam

## Alm og skumkjuke

"Og almen i Nordmork er såvisst synberr, han med. Han skil seg ut mellom dei mange gamle kydestuvane der i bakkane opp frå Nordmork-åa. Eit storlagd tre med ein diger stомн. Og med ei krone som rekk over dei andre trekronene i nærlieken. Det er noko majestetisk over den gamle almen, noko ein må legge merke til når ein går framom."

Slik skriv Johan Veka om almen, eit av dei mange varmekjære tresлага som veks i dei sørvernde liane ved Nordmork. Lauv og bork av slike treslag vart nytta til dyrefør, og i dei harde tidene på 1800-talet nytta ein særleg almebork til å drøya mjølet til flatbrødet og grauten. Almen i Nordmork vart gjeven i bryllaupsgåve i 1818, dette vart rekna for ei gjevare gåve enn sølvskieier og pengar. Ennå står det att 3-400 alimestuvar i Nordmork.

Eit gamalt rim frå området er slik:

*Almen jør  
Raudn før  
Ask jer'e kyro rask  
Eik jer'e kyro veik.  
vieran velt'  
å søljo svelte'*

Det viser at almen var det gjevaste av tresлага som vart nytta til fôr.

Dei varmekjære edellauvkogane er mellom dei mest produktive naturområda me har, med rik flora og fugleliv. M.a. hekkar mange ulike hakkespettarar i lia ved ved Nordmork.

Suldal kommune har fått eit særleg nasjonalt ansvar for å ta vare på ein sjeldsynt sopp som helst veks på alm, skumkjuke. Han er berre kjend frå Hylsdalen og Nordmork.



Skumkjuke: Foto DN

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til  
skattkammeret  
Suldal!

Store delar av  
Suldalsheiane er  
verna for å ta vare på  
natur og kulturminne.  
Her er også Europas  
sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien  
fortel om naturen  
og kulturen i Øvre  
Suldal. Nokre kan du  
nå til fots i sentrum-  
sområdet, andre er  
plasserte på stopp-  
punkt langs vegane.  
Oversynskart over  
løypa finn du på pla-  
katen ved butikken.

På Suldal Turist-  
kontor kan du få ein  
foldar som syner  
løypa. Her finn du  
også spørsmål  
- svara finn du  
undervegs.

Bruk gjerne sykkel  
eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og  
prosjektet "Frå gråberg til gull"  
med støtte av Fylkesmannen i  
Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam



# Brattlandsdalen

"Veien gjennom Brattlandsdalen er et av dei mest storartede anlegg i Norge og anses med rette som rutens glanspunkt. Om det ikke fantest noe annet av interesse på hele ruten, ville det lønne seg å foreta reisen blott for å se den mektige fjellkløft med de skummende fosser og vassdrag langt nede i dypet og veien som er hugget ut av fjellsiden med de mektige klippe- masser hengende over den som et tak."

Slik omtala Cooks reisebyrå i England turen gjennom Brattlandsdalen. Vegen vart bygd i perioden 1879- 1894 til ein kostnad av 353.000 kroner. I 1887 vart *Turistrute 7, Suldal- Brattlandsdalen*, opna som ein del av "*The new inland route from Stavanger to Odde in Hardanger through the Ryfylkefjords, Sand, Suldal, Bratlandsdal and Røldal*", som det heiter på Stavanger Turistforening sin reklameplakat.

Turistruta førte til eit veldig oppsving i Suldal, m.a. med bygging av mange hotell der dei mange utanlandske turistane kunne overnatta. På Nesflaten var det tre hotell. Turistferdsla tok for ein stor del slutt kring første verdskrigen.

Den spektakulære vegen vart liggjande med berre mindre utbetringer fram til 1990-talet, då traseen vart lagt om og fleire tunnelar vart bygd. Restar av den gamle vegen ligg att som eit kulturminne.



Det fantastiske veganlegget tiltrak seg raskt landskapsfotografar og postkortutgjevarar. Det store bildet frå ca 1893 er Axel Lindahl meister for. Hundrevis av ulike postkort var tilgjengelege for turistane som ville senda eit minne heim.



## The magnificent Brattlandsdalen

In 1887 *Tourist Route 7, Suldal- Brattlandsdalen*, opened as a part of "*The new inland route from Stavanger to Odde in Hardanger through the Ryfylkefjords, Sand, Suldal, Bratlandsdal and Røldal*", also known as *Discovery Route*.

The spectacular road, with tunnels and half-tunnels through the wild and narrow valley, was considered a high point of the route. Lots of postcards were produced and sent home by the many foreign tourists. Several hotels were built in Suldal at this time, three of them at Nesflaten.

The First World War put an end to most of the foreign tourist traffic. The road underwent minor changes until the 1990's, when the new road was built to accomodate modern traffic. Only parts of the original road remain.

The river is used in a large hydroelectric power system, and water is much reduced.

## Jettegryter og fossekraft

Dei veldige vassmengdene som før fossa gjennom Brattlandsdalen har etterlate seg djupe spor i det harde grunnfjellet. M.a. kan ein sjå store jettegryter i elvefaret. Desse er danna ved at steinar på elvebotnen roterer i sterk straum. Etter ei tid grev dei ut forsenkingar i berget, som etter kvart utviklar seg til djupe, gryteforma hol. Av og til er det rester etter dei eroderande steinane nederst i gryta.

Segnene fortel at dette var jettene sine fotavtrykk.

Brattlandselva vart regulert i samband med den store Røldal - Suldal utbygginga på 1960-talet. Røldalsvatnet vart då magasin og vatnet ført i tunnel til kraftstasjonane på Nesflaten. Elva fekk med dette sterkt redusert vassføring.



Foto Rune Roalkvam  
Frå tid til annan vert det slept store vassmengder frå magasinet i Røldalsvatnet. Då viser Brattlandselva seg i gamal prakt.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fotos i sentrumsområdet, andre er plasserte på stoppunkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.

På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå gråberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam



Hausten 1966 drap jerven mykje sau i Bråtveitheia. Her har lokale bygdefolk samla saman nokre av dyra.

# Jerven - tater i pels

Jerven (*Gulo gulo*) er vårt største mårdyr, og finst spreidd i fjelltraktene i heile landet. I 2010 var bestanden vel 300 dyr og han vert rekna for å vera direkte truga. I Suldalsheiane er jerven eit streifdyr som ikkje har yngla i nyare tid. Jerven er kjend for å vandra over store avstandar, og kan tilbakeleggja 80 km i løpet av ei natt. Vinterstid er hovudbyttet villrein. Om sommaren er kosten meir allsidig, frå hjortedyr til smågnagarar, sopp og bær.

I området med mykje sau på sommarbeite hender det at jerven går laus på flokkane. Frå gammalt av er jerven sett på som ein blodtörstig lystmordar, særleg avdi han brukar å lagra matreserver i urar og myrer. Enkelte individ kan difor drepa store mengder sau.

Dette skjedde her i Bråtveitheia hausten 1966, då sauebøndene konstaterte store tap. Det vart sett i sving eit stort apparat for å fella skadedyret som herja i heile fjellområdet mellom Setesdal og Ryfylke. Det vart sett opp skotpremie på over 12000 kroner, rekord i Norge på den tid. Men jerven var ikkje lett å få has på, først 1. april 1967 fall han for ei jegerkule nær Hjorteland, etter ei kort helikopterkjakt.

På fleire språk vert jerven kalla storetar, t.d. *Glutton* (engelsk) og *Vielfrass* (tysk). Det tyske namnet er i Norge forvanska til fjellfross og fillefrans.



Jervespor ved Fjellstyret si hytte i Grjotdalen. Foto Elin Tjordal Haugen.  
Teikning jerv og fotomanipulasjon: Rune Roalkvam

## Jon Moe

Under jervejakta i 1967 spelte suldølen, forfattaren og Aftenblad-journalisten Jon Moe ei hovedrolle. Han ordna med helikopter etter at jerven var observert nær Hjorteland, og var sjølv med på jakta laurdag 1. april. Måndagen etter var dette hovudsaka i avis.

I tillegg til utallege avis- og magasinartiklar, har Jon Moe (f. 1921) eit omfattande forfatterskap bak seg. Han er rekna for å vera ein stor stilist. Hovudverket er den dokumentariske romanen "Pilt-Ola" om Ola Sangesand, som i si tid var Stavangers rikaste mann og m.a. bygde Lågabrua i Suldal.

Etter jervejakta skreiv han boka "Tater i pels", om jerv og jervejakt.

Han har også skrive bøker med lokalt stoff, ikkje minst om utvandra suldøler i Amerika.



Jon Moe (til høgre) viser fram den skotne jerven i Aftenbladet sin redaksjon. Foto Leif Berge, SA. Under førstesideoppslaget etter jakta.



# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til  
skattkammeret  
Suldal!

Store delar av  
Suldalsheiane er  
verna for å ta vare på  
natur og kulturminne.  
Her er også Europas  
sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien  
fortel om naturen  
og kulturen i Øvre  
Suldal. Nokre kan du  
nå til fots i sentrum-  
sområdet, andre er  
plasserte på stopp-  
punkt langs vegane.  
Oversynskart over  
løypa finn du på pla-  
katen ved butikken.

På Suldal Turist-  
kontor kan du få ein  
foldar som syner  
løypa. Her finn du  
også spørsmål  
- svara finn du  
undervegs.

Bruk gjerne sykkel  
eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og  
prosjektet "Frå gråberg til gull"  
med støtte av Fylkesmannen i  
Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam

# Kvanndalen - stølsdalen

Kvanndalen skjer seg beint nordaustover mot Haukeli, med bratte fjellveggar på begge sider. Ovanom dalen ligg Vassdalsegga på 1658 moh, det høgaste fjellet i Rogaland. I dalsidene finn me rov fuglar og fjellblomar.

Tidlegare heitte det at Kvanndalen var "den beste seterdal" i Suldal. Det vart rekna at dalen hadde beitekapasitet for 1000 geiter. Det var gardane Tufteskog, Jordebrek, Nordmork og Bleskestad som i utgangspunktet åtte dalen og beita her. Det har vore mange stølar i dalen, framleis ser me restene på Fleso, Hidlerbergjet, Svulanuten og Jensafeta.

Odd Roalkvam kjøpte opp store delar av Kvanndalen, og rundt 1. verdskrigen dreiv han ysteri på Jensafeta med 1000 leigegeiter. Transport og vedmangel gjorde at verksemda seinare vart redusert og flytt til Svulanuten, der turisthytta står. Verksemda opphørde heilt rundt andre verdskrig.

Verdiane av vassdraget gjennom Kvanndalen vart tidleg oppdaga, og ein planla å demma ned store deler av dalen. Planane for vasskraftutbygging vart ikkje realiserte før Røldal - Suldal-utbygginga i 1960-talet. Då vart berre ein mindre del nedst i dalen demma opp.

I dag er det helst fotturistar som nyttar Kvanndalen. Stavanger Turistforening bygde turisthytte ved Svulanuten alt i 1898. Det går merka rute vidare til Haukeliseter herfrå.



Foto: Elin Tjordal Haugen

Turistforeninga si hytte ved Svulanut vart bygd av Åke Bleskestad i 1898 som den nest eldste av turisthyttene i Rogaland, og er framleis i bruk. Turen inn er lett og tek om lag halvannan time frå Kvanndalsdammen.

Det var liv og røre ved Svulanut på den tida det vart drive støling med geiter i området. I dag har sauene teke over utmarksbeita her og elles i Suldal.



Foto frå Kvanndalshytta



Foto: Elin Tjordal Haugen

Kvann er fortrentg til steinurer og utilgjengelege stader.

## Medisinplanter

Kvanndalen har namnet sitt etter fjellkvinnen, ei skjermplante som før var vanleg her. Beitinga i dalen har fortrentg planta til meir utilgjengelege område. I tillegg til å vera ei attraktiv beiteplante, vart kvannen nytta til grønnsak, snop og medisinplante. M.a. inneholdt planta stoffet angelicin, som virkar stimulerande på fordøyelsessystemet. Kvann var den første grønnsaken som vart teken i bruk, og vert også i dag nytta som krydder.

Ei anna plante som har vore viktig, og som har sørgrense i heiane her, er søterot. Namnet er misvisande, for rota er svært bitter. Før trudde ein plantene kunne vera bustad for gode krefter. Difor var det viktig å ikkje fornærma desse, og planta fekk namnet søterot i staden for beiske-rot. Eit ordtak heiter:

Vil du kalla meg for søte  
skal eg skaden bøte  
Men vil du kalla meg beiskerot  
så gjer eg inga bot

Frå 1500-talet og like fram til 1800-talet var både kvann og søterot viktige eksportartiklar til land der dei ikkje vaks, t.d. Sverige og Danmark.



Foto: Elin Tjordal Haugen

Søterot veks på grasmark og i bjørkeskog.

# Natur og kultur i Øvre Suldal

Velkomen til skattkammeret Suldal!

Store delar av Suldalsheiane er verna for å ta vare på natur og kulturminne. Her er også Europas sørlegaste villreinstamme.

Denne plakatserien fortel om naturen og kulturen i Øvre Suldal. Nokre kan du nå til fots i sentrumsområdet, andre er plasserte på stoppunkt langs vegane. Oversynskart over løypa finn du på plakaten ved butikken.

På Suldal Turistkontor kan du få ein foldar som syner løypa. Her finn du også spørsmål - svara finn du undervegs.

Bruk gjerne sykkel eller bil.



Utgitt av Suldal kommune og prosjektet "Frå grøberg til gull" med støtte av Fylkesmannen i Rogaland.

Tekst og utforming:  
Elin Tjordal Haugen og Rune Roalkvam



Foto Rune Roalkvam

Ved å gå eit stykke utover på nedsida av veggen, får du dette utsynet over Bleskestad og fjellområda.

# Mellom aust og vest


## Dei gamle fjellvegane

I tidlegare tider gjekk ferdelsårene mykje aust - vest, for folk i Øvre Setesdal og Telemark var dette kortaste og lettaste vegen til handelsmenn og for andre ærend. Mange av desse fjellvegane førte fram til kvervane langs Suldalsvatnet; Roalkvam, Bråteit og Kvilldal. Frå fjellgardane Breive og Vatndalen i Øvre Setesdal var det berre tre mil i luftlinje over fjellet. Kartet syner dei viktigaste fjellvegane.

Fleire av desse vegane finn ein att også i dag som såkalla nøddastrek, der små steinvardar viser rett veg. Gamle stadnamn som t.d. Sæbyggedalen og Austmannskard viser også til den gamle ferdsla.

Ferdsla over fjellet fann stad både sommarsdag og vinterstid. Austmennene trengte varer som korn, salt og tøystoff og ikkje minst kaffi og tobakk. Til byte hadde dei med seg skinn, kjøt og andre varer, m.a. steinbryner frå Telemark.

Roalkvam og Bråteit tente som overnattingstad før vegen vidare til Hylen, Ryfylkeøyane eller Stavanger. Dei tok også onnearbeid på gardane for å skaffa kontantar. Kontakten over fjellet førte til vennskap og ekteskap, og sulfalkulturen fekk mange impulsar austfrå, både i diktning, musikk og rose måling. Difor finn ein også den rikaste bygdekulturen i Rogaland her i Suldal.



Såtedalen. Foto Rune Roalkvam

## Mannen i Såtedalen

Turen over fjellet kunne vere lunefull, det var ikkje alle som kom fram i live. I Roalkvam fortalte dei om minst 20 personar som ikkje greidde turen. I 1962 vart restane etter ein fjellvandrar funne i Såtedalen. Dei mange metallgjenstandane (sjå avisutklypp) tyder på at denne mannen var ein omreisande kramkar. Han omkom truleg kring 1880 på veg mellom Breive og Roalkvam.

Frå Stavanger Aftenblad 1962



Det er alt det som var funnet i den grønne prikk på kartet. Det inkluderer også objekter — teknologiske og sosiale — som ikke er på kartet, t.d. restar av den teknologiske produksjonen, t.d. restar av en smidte spade — ein arkeologisk funn. Denne bortkomne mannen, som ble funnet i Såtedalen, hadde alt han hadde med seg med seg.